




KFUK  
KFUM

ULSTEIN


Årsmelding 2015



Ulstein KFUK-KFUM  
Postboks 81  
6067 Ulsteinvik

[www.ulsteinkm.no](http://www.ulsteinkm.no)

## Verdsspeidarleiren i Japan



Sigurd Moen Myrene, Per Marius K. Roppen, Lina Myrene, Irmelin Osnes Dalbakken og Jon-Kåre Haddal Våge frå Ulstein KFUK-KFUM tok i juli del på verdsspeidarleiren i Hiroshima i Japan. Leiren samla over 40000 speidrarar frå heile verda og hadde også deltakarar frå denne regionen.

Verdsleiren blir arrangert kvart fjerde år, og tidlegare har den vore mellom anna i Sverige og England. Basen var i Hiroshima, og speidarane var mellom anna med i ei minnemarkering i samband med atombomba som blei slept 6. august 1945 i byen. Det var to samlingar i forkant av jamboreen for at speidarane skulle lære om japansk kultur og skikkar.

Over 800 av deltakarane var med frå Norge, og det var Norges Speiderforbund og KFUK/KFUM som samarbeidde om reisa.

## Fredheimsbasar 7. november

På dagtid vart det arr tombola, kafé og litt program for dei yngste borna. Speidarane var ansvarleg for tombola, og Ten Sing for matsal. Takk til begge gruppene for godt gjennomført arbeid.

På ettermiddag var det basar med godt program, og matsal. Sjølvsagt også åresal og loddbøker med mange fine gevinstar. Fin song av Ragnhild og Marie Blindheim. Andakt av Arve Fiskerstrand. Fire Rovarar og speidrarar fortalte og viste biletar frå Japanturen dei var på i sommar. Kari Aske spelte til songane.

Det er mange å takke etter eit slikt arrangement, som framleis er ei viktig inntektskjelde for Fredheim. Takk til basarkomitéen ved: Odd Arne Vikebakk, Torill Vågen Vattøy, Ingunn Håheim Førtoft, Gunn Randi Solstad Sønnesyn, Kjersti Kleven, Greta Håkonsholm, Inge Håkonsholm og Nancy Bergseth. Takk også til K-gruppene som stiller med mat og gevinstar og til butikkar og private som gjev gevinstar, samt annonse ved Jon Kleven AS.


### Økonomi:

Tombola/kafe	Kr.18.800,-
Loddbøker:	Kr.47.900,-
Åresal:	Kr.10.500,-
Totalt	Kr 77.200,-

## Julefesten 4. juledag

Fredheimfesten på 4. juledag vart i 2015 arrangert som ein familiefest, med starttidspunkt kl. 17. Knut Vikebakk vart hausten 2015 utfordra på å sondere terrenget for ein julefest med fokus på å bygge tradisjonar for barn og unge. Signalar frå dei fleste var at ein slik familiefest ville passe ei større målgruppe enn ein vaksenfest seinare på kvelden.

Festen vart arrangert med tradisjonell oppskrift: spleisemat, konkurranse, songinnslag, biletavisning, andakt og juletregong. Arrangørar var Knut Vikebakk og Øyvind Hagen, med hjelpe frå andre frivillege. Det kom om lag 60 personar. Desse var godt nøgde med festen, og det var fleire som meinte at dette var eit konsept å bygge vidare på.



## **Medlemstal og årsmeldingar frå einingane - medlemstal ved utgangen av 2015**

Ulstein KFUK-KFUM hovudlag	86
Ulstein KFUK-KFUM speidarane	116
Ulstein Ten Sing	39
Ulstein Tween Sing	26
Gospelkoret	45
K-gruppe1	11
K-gruppe2	14
K-gruppe3	7
K-gruppe4	16
K-gruppe5	13
K-gruppe6	5
Forbundsringen	11
<b>TOTALT</b>	<b>389</b>

Ulstein KFUK-KFUM er velsigna med eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge –og ikkje minst til mange vaksne som har eit viktig nettverk gjennom Ulstein KFUK-KFUM. Store flokkar tek del i speidararbeid, TenSing, eit Gospelkor og heile 7 kvinnegrupper. Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

### **Ulstein Ten Sing –årsmelding**

Ansvarleg vaksenleiar: Beate Mjøen Berg, 915 86197

#### Vaksenleierar:

Våren: Sylviane J Denis og Lucette Miar'nirina, Einar Blindheim, Øyvind Hov  
Hausten: Sylviane Denis-ettåring, Ruben Voldskund, 10% st. Øyvind Hov

Leiar i styret våren 2015: Reem Kidane

Leiar i styret hausten 2015: Sigurd Myrene

#### Andre styremedlemmar:

Våren 2015:

Sigurd Myrene, Sara Kidane, Ina Mari Johansen, Mathea Kobbenes, Olav G. Arnesen- dirigent, Oline Aksnes-dirigent, Eirik Saunes Moldskred-teknikk, Andreas Sæbø-bandleiar

Hausten 2015:

Sara Kidane, Mahtea Kobbenes, Ina Mari Johansen, Ragnhild Blindheim, Johannes Kristiansen, Olav G. Arnesen- dirigent, Marie Blindheim-dirigent, Eirik Saunes Moldskred-teknikk, Andreas Sæbø-bandleiar

Antall medlemmar: 39

#### Omtale av aktivitetar, tiltak som eininga har hatt i 2015:

Vårsemester: 21 øvingar, 5 avslutningar i kyrkja, Vintertreff 15 i Ålesund, Inspirasjonskveld for Ulstein - og Hareid tensing med Tensing Norway, Synge i Herøy kyrkje på opning av den nye kyrkjekjellaren, Basar på Fredheim, Gudsteneste i Ulstein kyrkje, Vår-Konsert, Grupper (teknikk, mat, dans, drama, kreativ), Fredag-fredag, Overnattingstur i lavo på Kjeldsund, TT-15 på Gjøvik.

Dirigent: Olav Grimstad Arnesen og Oline Aksnes  
Band: Andreas Sæbø, Brede Espelid, Håkon Rabben og Johannes Kristiansen.

Haussemesteret: 16 øvingar, 3 avslutningar i kyrkja, Grupper (teknikk, mat, dans, drama, kreativ), Foreldremøte, Fredag-fredag, Ungdomsgudsteneste på Hareid, 2 gudstenester i Ulstein Kyrkje, Gospelnight i Ulstein kyrkje med fleire kor, ansvar for kafe' på Fredheimbasar, juleverksted og juleball.

I staden for bli-kjent-weekend, hadde vi ein sosial aktivitetsdag ein laurdag, med mat, leik og kos.

Dirigentar: Marie Blindheim og Olav Grimstad Arnesen.  
Band: Andreas Sæbø. Brede Espelid, Johannes Kristiansen, og Håkon Rabben.

#### Tensing-seminar:

Desse var på TSS sommaren 2015: Marie Blindheim-direksjon, Olav G.Arnesen-direksjon, Ragnhild Blindheim-drama, Andreas Sæbø-tangent, Johannes Kristiansen-gitar, Håkon Rabben-trommer.

Desse som får dra på TSS forpliktar seg på å vere med å gjere noko for tensing. Dei betalar ein eigenandel på kr.400.- Resten av summen delast på Ulstein KFUK-KFUM, Ulstein sokn og Ulstein tensing.

#### Tankar om arbeidet:

Det er ein flott gjeng på tensing dette året også, men vi saknar dei eldste på vidaregåande skule.

Vi tenker at dei eldste som er med, og som ynskjer det, får ansvar for ulike ting, som band, direksjon, andakter, ol.

Vi arbeider heile tida med å prøve å skape eit godt miljø i koret, og opplever at det er ein god tone mellom ungdommane. Ein ser på ei vanleg øving, så er det eit kvarters pause til å prate, og da rekk ein ikkje å prate med alle. Vi har lagt inn fast at ein av foreldra kjem med noko å bite i. Dette har gjort at alle er på Fredheim i pauza. Før stakk dei ofte ut og handla noko, men dette er heilt borte no. Vi har hatt større fokus på miljøkveldar med Fredag-fredag. Her er det leik, kiosk sosialt og andakt og god tid til å prate.

For Ulstein tensing, 14.03.16  
Beate Mjøen Berg og Sigurd Myrene

## Gospelkoret - årsmelding

Leiar: Tord Aksnes, ca. 45 medlemar

Gospelkoret har hatt følgjande styre det siste året: Tord Aksnes (leiar), Turid Berg Rusten, Mari Hagen, Andreas Fjørtoft (kasserar), Karianne Sveen Orvik (sekretær) og Torstein Vatnøy (vara). Koret har ei medlemsmasse på rundt 45 til 50 personar.

Gospelkoret over annakvar tysdag på Fredheim, frå klokka 20 til 22. Gospelkoret er i utgangspunktet eit lågterskeltilbod for folk over 20 år som har lyst til å synge i lag. Koret har hatt fleire opptredenar i løpet av 2015. Onsdag og torsdag før påske arrangerte vi konserten «Still Alive» i høvesvis Larsnes og Ulstein kyrkjer. Dette var nok det største enkeltløftet for koret. Vi har elles delteke på gudstenester i Ulstein kyrkje, arrangert korkafé på Fredheim, delteke med song, på tverrkirkeleg møte i Ørsta kyrkje, og tatt del i «Vi syng jula inn» i Ulstein kyrkje.

Einfrid Grindheim er dirigent for koret, Oddgeir Nygjerde er musikalsk leiar og noteutvalet består av Mari Hagen, Helge Flacke, Oddgeir Nygjerdet og Hannemarte Grimstad Sukka.



## Vidare arbeid

I 2016 har vi arrangert påskekonsertar Herøy frikyrkje og Ulstein kyrkje med godt frammé og resultat. På ei av øvingane i forkant var der uoffisielt talt 52 personar innom. Vi har opplevd ei auke i medlemsmassen i haust og vinter. Vi har og sunge i Ørsta frikyrkje, på det same arrangementet som i 15. Dei har allereie bedt oss om å delta i 17. Vi ynskjer å utvide horisonten enno meir, og har jobba med å få delta på gudstenester rundt i distriktet. På den andre sida har vi og takka nei til etterspurnadar då vi tenker ikkje å bite over for mykje.

## Økonomi:

Økonomien til koret er grei. Inntektene skriv seg i hovudsak frå billettinntekter og medlemskontingent. Elles hadde vi litt inntekter frå korkaféen på Fredheim i haust. Inntektene går til å dekke dirigent, samt til utgifter i samband med konsertar som t.d. lyd.

## K-grupper – årsmelding

Her kjem ei felles årsmelding frå dei 7 kvinnegruppene. Til saman har gruppene om lag 70 medlemmar. KFUK-samlingane skjer heime hos medlemane alt frå annakvar veke eller ein gong i månaden med opningsord, tema/aktivitet, matykt og kveldsliturgi. K-gruppene fungerer i tillegg som støttegrupper til arbeidet på Fredheim gjennom bøn, økonomiske bidrag eller deltaking i dugnadsarbeid.

Leiarar for dei ulike gruppene er:

K- gruppe 1: Gunn- Randi Solstad

K- gruppe 2: Gunn Hofset

K- gruppe 3: Gry Nordal

K- gruppe 4: Gunhild Snipsøy

K- gruppe 5: Silje K. Aksnes

K- gruppe 6: Hennie Anett Viseth

Forbundsringen: Hilde Petra Brungot

## Oppsummering av årsmeldingane

Aktivitetane som er knytt til Ulstein KFUK-KFUM er mangfaldig og når godt ut til både unge og voksne. Eit stort korps av frivillige driv einingane trufast og ved mykje bruk av fritid. Styret vil takke alle dei frivillige for den flotte og viktige innsatsen dei gjer.

Takk for eit rikt velsigna år 2015!

Styret Ulstein KFUK-KFUM

Ulsteinvik, mars 2015